



Dette bildet kunne godt hatt tittel Fest i ungdomshuset.

På vårparten hadde Vidar Haugland debututstilling på Galleri Oska. Der presenterte han flotte blyanteikningar med naturmotiv frå nærområdet der dyr gjerne var ein del av motivet. Alle bilda hadde flotte sjølv laga rammer. Utstillinga fekk mykje ros. I samband med Haustfesten hadde Haugland ei ny utstilling i Helgheim.



[Mannsvatnet og kraftutbygging.](#)

Med utstillinga i Helgheim viste Vidar Haugland kreativitet, stor produktivitet og ikkje minst samfunnsengasjement. Bilda fanga stor interesse hos dei som såg utstillinga, og derfor bad vi Vidar om å senda oss foto av deler av utstillinga.

Også denne gongen var det blyantteikningane som dominerte, men det var større innslag av bruk av farge på deler av bilda. Dessutan hadde dei fleste vanlege rammer, ikkje sjølvlagde i einer, frukttrær og andre treslag som på Oska. Det som publikum la mest merke til var at Vidar Haugland i ein del av bilda brukte kreativiteten som engasjement i aktuelle saker i samfunnsdebatten. Saker som er svært aktuelle her i bygda, men også saker som skaper debatt i langt vidare samanhengar.


Eit tema som var svært så aktuelt under haustfesten var: Korleis kan vi få ungdommen til å koma på arrangementa i ungdomslaget? På haustfesten var berre 2 av den fullsette salen under 50 år. Denne situasjonen illustrerer Vidar med ein nøyaktig teikning av Helgheim med eldre med stav og andre hjelpemiddel på veg inn i huset medan ungdommen står utanfor.

Det er også andre og heitare tema som vert illustrert. I bedehuset står ulven i fårekle i døra medan sauer er på veg inn, eller vert ståande ute på plassen. Han har også ein nøyaktig teikning av kyrkja vår. På trappa står eit par av to menn medan presten, også ein mann, hastar frå kyrkja. Eit tydeleg innlegg i debatten om å via homofile par.

Tema naturvern og kraftutbygging kom tydeleg fram i eit bilde frå Mannsvatnet, og han hadde med fleire bilde i rovdyrdebatten. Både jerv og gaupe var å sjå på desse bilda. Bilda til Vidar Haugland har eit tydeleg budskap. Kvar og ein må leggja det innhaldet ein ønskjer i dei. Studer bilda. På ein flott og kreativ måte skaper han engasjement i saker. Det gjer bileta svært spennande, og eg kjenner at eg er spent på kva som vert det neste som kjem frå denne kreative og dyktige pensjonisten på Gravene.

Utstillinga hadde 16 bilde, og det var såleis også ein del som eg ikkje knytta til diskusjonsaker. Ein teikning eg lurte på, var huskeyen på veg ned frå lemsglaset. Den hadde sin bakgrunn i ei sann og artig historie. Den kjem vi tilbake til.

No oppfordrar eg kvar og ein til å studera teikningane. Klikk på bilda så vert dei større.



På bedehuset.



Homofildebatt i kyrkja.



Jerv og husdyr.



Gaupe og husdyr.



Har gaupa ein plass?



Huskey i lufta.



Solheim turiststasjon.



Brakabuskar. Disse bildene var utstilt oppe i gangen medan dei fleste var på veggene i matsalen.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Vidar Haugland